



Ulvik herad
Levekår og oppvekst

Dato 12.09.00

Informasjon om

Vaksne sin rett til opplæring

frå Vaksenopplæringa i Ulvik

Opplæring for vaksne med særskilde behov som har rett til spesialundervising innanfor grunnskuleområdet er m.a. heimla i Lov om vaksenopplæring §1 og §5 og Opplæringslova §5-2 og §13-5.

Kven kan ha rett til vaksenopplæring?

- * Vaksne med generelle lærevanskar/psykisk utviklingshemma.
- * Vaksne med mangelfull grunnskule.
- * Vaksne med lese- og skrivevanskar (dysleksi).
- * Vaksne med behov for ny opplæring etter sjukdom/skade.
- * Vaksne framandspråklege.
- * Vaksne som har særleg behov for opplæring for å kunne utvikla eller halda ved like grunnleggjande dugleik.

Kva slag opplæring kan du ha rett til?

- * Lesing, skriving og andre fag innanfor grunnskuleområdet.
- * Språktrening etter hjerneslag eller annan sjukdom.
- * Re-innlæring av kunnskapar etter hovudskadar, tap av syn m.m.
- * Bruk av teiknspråk etter tap av hørsle.
- * Opplæring i å meistra ein ny kvardagssituasjon.
- * Bruk av tekniske hjelpemiddel og IT.
- * Norskopplæring til eit visst kunnskapsnivå (framandspråklege).
- * Butrening/trening i daglege gjeremål.
- * Meiningsfull fritid.

Andre tema og emne kan også vera aktuelle.
Kontakt etat for levekår og oppvekst.

Korleis?

Opplæringa er eit kommunalt ansvar.

Gjennomføringa kan føregå i eigen kommune, i interkommunal regi eller i samarbeid med andre.

Det må søkjast om slik opplæring innanfor grunnskuleområdet på eige skjema.

Ved mogeleg avslag på ein søknad, har søkjaren klagerett.

Som vedlegg til søknaden må det vera ei sakkunnig vurdering frå PPT.

Det skal utarbeidast ein individuell opplæringsplan for slik undervising.

Kvar?

Opplæringa kan bli gjeven der det høver best: i skulelokale, i eigen heim, i samband med arbeidsplassen el.l.

Når?

Vaksenopplæring kan gjevast på dagtid eller om kvelden.

Organisering:

Undervisinga kan føregå som einetimar, i små eller større grupper. Kor lenge og kor mange timar vil variera. Det kan vera korte kurs, eller det kan vera opplæring som strekkjer seg over år.

Dersom du eller nokon du kjenner har behov for vaksenopplæring, ta kontakt med etat for levekår og oppvekst i Ulvik.